

grunnar, til dømes foreldrepermisjonar mv. Skal det vere ein avgrensa tid unntak kan nyttast. Dette bør gjerast tydelegare.

Kva læringsmål kan utsettast?

Forslaget legg opp til at det berre er enkelte læringsmål som LiS1 kan mangle for å gå vidare anten til kommunehelsetenesta eller inn i ein LiS2/LiS3 stilling, og det kan ikkje vere læringsmål knytt til krava til legens kjernekompetanse. Det er ikkje definert kva som ligg i omgrepet kjernekompetanse. Det står vidare at departementet ikkje ser det som hensiktsmessig å fastsette kva for nokre læringsmål som må vere oppnådd, fordi det vil avgrense nødvendig fleksibilitet avhengig av dei lokale forholda. Sitat:

«Helsedirektoratet har utarbeidet en oversikt over læringsmål som det er spesielt viktig å ha fått godkjent i sykehuset før LiS1 starter sin tjeneste i kommunen».

Intensjonen med å ikkje legge for store føringar på kva for læringsmål som må vere oppnådd er god og støttast, men det er viktig med nokre føringar som gjort tilgjengelig for utdanningsinstitusjonane så snart som mogleg. Ein slik oversikt vil og kunne bidra til ein likare behandling av LiS1 uavhengig av utdanningsstad. Ein må sikre ein god vurdering av den samla sluttkompetansen for LiS1.

Arbeidsgivars ansvar og dokumentasjon i Kompetanseportalen

Det er framtidig arbeidsgjevar som ved tilsetting av lege i LiS 2-3 stilling som skal vurdere og ta ansvaret for om tenesta er faglege forsvarleg, og eventuelt supplere med nødvendige tiltak. Det er og arbeidsgivar som må legge til rette for at manglande læringsmål kan «takast igjen» så snart som mogleg etter tilsetting, og avtale vidare spesialiseringssløp, i dei tilfelle der legen tek det vidare spesialiseringssløpet. Manglande læringsmål skal registrerast av leiar i Kompetanseportalen med ein grunngeving om at læringsmåla ikkje blei nådd grunna koronapandemien. Vi trur det er nødvendig å sjå nærare på at ein ikkje opnar for at forslaget fører til at: ein kvar LiS1 som ikkje oppnår sine læringsmål i Covid-19 perioden kan argumentere med «Covid-19 situasjonen» og krevje å få gå vidare. Forskrifta må sikre at det er dei som blei råka på grunn av omlegging eller vesentleg endring av aktivitet som får denne retten og ikkje dei som eventuelt ikkje ville bestå eller av individuelle faglege vurderingar ikkje ville oppnå læringsmåla som kan nytta forskrifta. For å unngå det siste meiner vi ein bør sjå nærare på formuleringa i forslaget.

Det er fornuftig at det er ny arbeidsgivar for LiS2 eller LiS3 som har ansvaret for å leggje til rette slik at LiS1 får fullføra dei læringsmåla dei manglar. Dersom verksemdene gir bekræftar at kandidaten blei råka, og kva som manglar kan dette blir handsama på ein god måte. Det vil vere for komplisert for helseføretaka å skulle ha ansvaret for dette etter at LiS har slutta ved føretaket og kanskje flyttet til anna sjukehus/region eller kommune.

Dokumentasjonen av fullførte/ikkje fullførte læringsmål i LiS1 perioden bør beskrivast. Ved registrering av kva for læringsmål/aktivitetar som manglar, må ein registrere årsaka til dette, og at det er forsvarlig at kandidaten går vidare. Dette vil gjere det enklare for arbeidsgivarar i LiS2/LiS3 å vurdere kandidaten, og legge ein plan for gjennomføring av dei manglande læringsmåla utan ein forlenging av tenestetida. Vi støttar forslaget om at det er arbeidsgivar som må ha dette ansvaret.

Skal heile kompetanseplanen sendast inn og godkjennast ved fullført LiS1, eller skal ein vente med å sende inn til alle læringsmåla er godkjende? Viss kompetanseplanen sendast inn og godkjennast av Helsedirektoratet før alle læringsmåla er nådd vil det vere vanskelegare å halde oversikt over ikkje oppnådde læringsmål for LiS-ane. Innsending av kompetanseplanen bør derfor antakelig utsetjast til alle læringsmåla er nådd. Vi ber om at dette blir presisert i informasjon til LiS1 og helseføretak.

Behov for tidsfristar for å nå læringsmåla som er uteståande frå LiS1?

Manglande læringsmål skal takast inn i legens individuelle utdanningsplan og takast så raskt som mogleg etter start i LiS2/LiS3 stilling. Her bør det vurderast å få inn ein tidsfrist for å fullføre læringsmåla. Til dømes at alle læringsmåla skal vere godkjende innan ein rimeleg tidsgrist etter start i LiS2 eller LiS3 stilling. Det bør ikkje vere for lang tidsfrist for å fullføre læringsmåla frå LiS1.

Samarbeid og avtalar mellom kommune- og spesialisthelsetenesta

Vi ønsker at departementet omtalar nærmare behovet for eit tett samarbeid og avtalar mellom kommune- og spesialisthelsetenesta i forhold til ansvaret for å fullføre læringsmål som må takast i høvesvis kommune- eller spesialisthelsetenesta.

Korleis skal uteståande læringsmål nås viss kandidaten startar spesialisering i spesialisthelsetenesta, eller motsett, viss kandidaten har uteståande læringsmål frå spesialisthelsetenesta og startar ein spesialisering i allmennmedisin. Sitat:

«Videre vil det være denne arbeidsgiveren/utdanningsvirksomheten der legen tar det videre spesialiseringsløpet, som må legge til rette for at de manglende læringsmålene kan "tas igjen" så snart som mulig etter ansettelse i eller inngåelse av avtale om videre spesialiseringsløp».

Dette kan bli krevjande å gjennomføre viss det dreier seg om mange uteståande læringsmål som berre kan nås i den sektoren der vedkommande ikkje har starta sin spesialiseringsperiode. Her bør høvesvis kommunane- og spesialisthelsetenesta i større grad forplikte seg til å bidra og at dette bør gjerast tydeleg.

Bistand frå dei regionale utdanningssentra

Manglande læringserfaringar frå klinisk praksis kan vanskelig bli erstatta med kurs. Dersom kartlegging av behova etter kvart viser at LiS1 har varierende behov (jf. det som står om at utfallet av pandemien har hatt ulike konsekvensar for LiS i ulike føretak) må tiltaka spegle dette. Det kan bli krevjande utan ekstra ressursar. Aktuelle tiltak kan vere: digitale kurs, simulering, ekstra supervisjon og rettleiing, hospitering og vidare. Vi foreslår at dei regionale utdanningssentra i første omgang nyttast til å gi råd om læringsaktiviteter. Uteståande læringsmål vil variere og vil best kunne nås lokalt.

Helseføretaka i føretaksgruppa Helse Vest vil gjere alt dei kan for å leggje til rette for at LiS1 får fullført læringsmåla sine innan normert tid. Vi meiner det er viktig at denne forskriftendringa ikkje rokkar ved denne målsettinga for LiS1 og helseføretak, men berre brukast som nødløysing ved behov.

Omlagginga av drifta i sjukehusa for å handtere beredskap for koronapandemien, lågare elektiv aktivitet har ført til at enkelte læringsmål ikkje kunne utførast grunna kapasitet og/eller fagleg tilråding på det tidspunktet. Vi håper likevel at mange av kandidatane har klart å nå læringsmåla etter at drifta er meir normalisert.

Helseføretaka har noko ulikt syn på forslaget til forskrift, vi vedlegg høyringsuttale frå Helse Bergen og Helse Førde.

Vennleg helsing

Hilde Christiansen
Direktør medarbeidar, organisasjon og teknologi

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng inga signatur

Vedlegg:

- 1 Gjennomføring av LIS 1 som følge av covid-19 – Helse Førde HF
- 2 LIS1 Covid19 endringer forskrifter